



Holsnøy og Flatøy bestandsplanområde v/Terje Hilland
Skarpenesvegen 120
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/436 - 18/10839

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
25.05.2018

Godkjenning av søknad om Holsnøy og Flatøy bestandsplanområde og bestandsplan for området for perioden 2018-2021

Administrativt vedtak. Saknr: 107/2018

Saksutgreiing:

Holsnøy og Flatøy bestandsplanområde v/ Terje Hilland søker i brev dagsett 26.04.2018 om godkjenning av bestandsplanområde med bestandsplan for hjort for 2018-2021.

Bestandsplanområde femner om heile Meland kommune, som er tydeleg vist på kartvedlegget til søknaden. Nærmore geografisk skildring om bestandsplanområdet går fram av bestandsplanen.

Planområdet har eit samla areal på 73 173 daa, med til saman 10 hjortevald innanfor området. Det er 9 vald som har med seg inn i bestandsplanområde skriftleg. Det siste valdet Sagstad-Moldekleiv har opplyst at dei vert med på eit seinare tidspunkt, truleg i 2019. Medlemsvalda har eit samla areal på 72 940 daa. Det vert søkt om ein årleg kvote på 138 dyr, til saman 552 dyr for heile planperioden.

Tabell 1: Oversikt over vald innanfor bestandsplanområde.

| Valdnamn: | Valdid: | Teljande areal: | Tal løyve pr. år: |
|--------------------|-----------|-----------------|-------------------|
| Nordre Holsnøy | 1256V0001 | 23182 | 38 |
| Midtre Holsnøy | 1256V0004 | 11540 | 35 |
| Mjåtveit-Langeland | 1256V0007 | 5129 | 8 |
| Fløksand-Ryland | 1256V0008 | 5411 | 10 |
| Dale | 1256V0010 | 3203 | 6 |
| Sætremarka | 1256V0011 | 1564 | 2 |

| | | | |
|--------------------|-----------|-------|----|
| Flatøy/Håøyna | 1256V0012 | 1504 | 3 |
| Kårbø | 1256V0013 | 2385 | 4 |
| Austbygd | 1256V0014 | 19255 | 32 |
| Sagstad-Moldekleiv | 1256V0003 | 2385 | * |

Bestandsplanområde har søkt om godkjenning av bestandsplan for perioden 2018-2021, planen har som hovudmål; *å drive ei forutsigbar, langsiktig og stammeretta forvaltning som stabiliserer bestanden på eit forsvarlig nivå i høve til bestandens kvalitet, skader på skog og innmark.*

Vidare har planen som mål å stabilisere tettleiken av dyr, auka gjennomsnittsalder, sikre nok vaksne bukkar og koller, fokus på uttak av små dyr og innsamling av slaktevekter.

Vurdering:

Bestandsplanområdet:

Hjorteviltforskrifta §§ 12 og 13 sett krav til søker om godkjenning av bestandsplanområde, og området kan ikkje godkjennast dersom desse krava ikkje vert oppfylt.

Holsnøy og Flatøy bestandsplanområde oppfyller kravet til tal medlemsvald og teljande areal, bestandsplanområdet har et teljande areal som er meir enn 20 gonger minstearealet i Meland kommune som er på 400 daa, jf. hjorteviltforskrifta § 12. Bestandsplanområdet har også valt ein person som skal opptre på vegne av bestandsplanområdet ovanfor kommunen, jf. § 12.

Etter hjorteviltforskrifta § 13 skal det av søkeren gå fram kva art området gjeld for, kart med grenser for bestandsplanområde, namn på medlemsvald med nasjonale valdnummer, opplysningar om teljande areal, underskrift frå valdansvarleg og kontaktperson ovanfor kommunen. Bestandsplanområdet har i søkeren levert all informasjon som er krav etter hjorteviltforskrifta § 13. Kommunen har også motteke søkeren innan 1. mai, jf. § 13.

Søkeren er i tråd med hjorteviltforskrifta §§ 12 og 13.

Ved godkjenning av bestandsplanområde skal det utøvast eit skjønn ved vurdering om planområdet har ei utforming og avgrensing som er hensiktsmessig, slik at ein oppnår ein fornuftig forvaltningsmessig struktur og storleik på området, jf. Hjorteviltforskrifta med rettleiar M-478 Miljødirektoratet . Bestandsplanområde femner om heile kommunen, og er i praksis avgrensa av fjordane. Området har difor fanga opp det som i hovudsak er hjortens årsleveområde. Meland er ein øy-kommune ut på kysten og har difor mindre grad av sesongtrekk enn indre strøk. Det er noko trekk om haust og vår men desse skjer i hovudsak internt på øya. Det vil framleis være enkelt individ som trekker ut av- eller inn til kommunen og det vil vere umogleg å fange opp dyr som trekk ut av eit område. Til dømes trekker unge hanndyr ut av området der dei er født. Og ein kan difor ikkje fange opp kvart enkelt individ.

Kommunen meiner at valda har skipa eit tenleg planområde som har god struktur og storleik. Dette opnar for ein bestandsretta forvaltning på tvers av valdgrenser. Dette gjer at ein kan få ein meir heilskapleg forvaltning og avskyting innafor planområdet som gjev grunnlag for god bestandsstyring.

Valda og kommunen har delteke i merkeprosjektet Hordahjort som kom fram til at bestandsplanområde ikke bør vere mindre enn 100 km². Administrasjonen meiner at sjølv om område er litt mindre enn dette vil bestandsplanområde framleis femne om årsleveområdet til hjorten, og viser her til at kommunen er ei øykommune med mindre trekk enn i indre strøk.

Bestandsplan 2018-2021:

Hjorteviltforskrifta § 15 sett krav til søknad om godkjenning av bestandsplan, og planen kan ikke godkjennast dersom desse krava ikkje vert oppfylt.

Både planområdet sin storlek og planperioden sitt tidsrom på 4 år, er innfor krava i forskrifta. Kommunen har også motteke bestandsplanen innan fristen 1. mai, jf. § 15.

Etter forskrifta skal bestandsplanen innehalde mål for bestandsutviklinga som samsvarer med kommunen sine overordna mål for hjorteforvaltinga i kommunen. Meland kommune har vedteke eigne mål for forvaltninga av hjort i kommunen;

- Sikre biologisk og forsvarleg utvikling av hjortestamma lokalt og regionalt.
- Sikre best mogeleg avkasting i balanse mellom skadeverknader for andre interesser.
- Betre valdstrukturen i kommunen.

Bestandsplanen har som hovudmål; *å drive ei forutsigbar, langsiktig og stammeretta forvaltning som stabiliserer bestanden på eit forsvarlig nivå i høve til bestandens kvalitet, skader på skog og innmark.*

Hjortebestanden i Meland kommunen var på topp i 2010-2011, og har påfølgjande åra blitt redusert gjennom jakt. Dette er i samsvar med det ønskje som har vore i kommunen om å redusere hjortebestanden av omsynet til beiteskader. Etter gjennomgang av fellingsstatistikk, vår-teljingar og sett-hjort ser kommunen den ønskja reduksjonen i bestanden. Det vil alltid vere årlege variasjonar i ein bestand, som kan variera i omfang. Difor har administrasjonen vurdert utviklinga i ein lengre periode; 2004-2017. I 2016 og 2017 var det ei auke i fellingsprosenten enn føregåande år. I 2017 vart alle skjema for Sett-hjort levert og det var eit år med eit litt lågare jakttrykk. Jaktåret 2017 var litt betre enn 2016 med nokre fleire felte dyr og ein høgare fellingsprosent. Det vart også løyvd to fleire dyr i 2017 enn i 2016. Fellingsresultat saman med dei observasjonane jegerane gjer i løpet av hausten bygg opp under at det er ei auke i bestanden.

Gjennom bestandsplanen vert det no teke høgde for desse forholda, ved å vidareføre kommunen sine mål om stabilisering. Dette med vekt på høg avskyting av kalv og unge dyr, som gjev grunnlag for høgare snittalder i bestanden, med fleire eldre dyr og høgare produksjonsevne som resultat. Samstundes vert det veklagt eit kontrollert uttak av vaksne hanndyr, for å sikre tilstrekkeleg rekruttering av eldre bukk og hindre skeiv kjønnsbalanse. Inntrykket er at plan for avskyting er gjennomtenkt og kunnskapsbasert ut frå fellingsstatistikk, «Sett hjort»-registrering og anna tilgjengeleg kunnskap. Det er godt samsvar mellom mål og tiltak, og måla føl opp kommunen sine intensjonar om forvalting og bestandsutvikling.

Administrasjonen meiner at planlagt avskyting er godt planlagt, og er basert på den informasjonen som kommunen og valda har frå sett-hjort, fellingsresultat og anna informasjon. Vidare meiner administrasjonen at måla i bestandsplanen er i tråd med dei måla kommunen har for forvaltninga av hjort i Meland.

Plan for årleg avskyting:

Valda i bestandsplanområde søker om ei årleg fellingskvote på 138 dyr pr. år, med til saman 552 dyr for heile planperioden. Omsøkt årleg felling er 8 dyr høgare for valda som er med i planen enn i 2017, kommunen meiner dette er i tråd med den bestandsoppgangen som kommunen har sett ut i frå sett hjort og fellingsstatistikk.

Bilde 1: Fordeling av felte dyr for heile planperioden fordelt på kjønn og alder.

| Kategori | Prosent | Tal dyr/året | Tal dyr i perioden |
|----------------------------------|---------|--------------|--------------------|
| Kalv | 30 % | 42 | 168 |
| 1 ½ år hanndyr | 16 % | 23 | 92 |
| Vaksne hodyr (1 ½ år og eldre) | 39 % | 54 | 216 |
| Vaksne hanndyr (2 ½ år og eldre) | 14 % | 19 | 76 |

Bilde 2: Prioritering i uttak av dyr.

Nærare forklaring til avskytingsopplegget:

* Avskytingsopplegget tek 1 ½ år gamle hodyr inn i gruppa "Vaksne dyr" i tråd med Hjorteføreskrifta si inndeling. Målet er at omlag 50% av dyra i gruppa «vaksne hodyr», vert felt som 1 ½ åringar.

* Kalv og ungdyr bør samla sett utgjere minst 65% av det samla jaktutaket.

* Avskytingsopplegget har 1 ½ år gamle hanndyr (spissbukk) som eiga gruppe, sidan Gruppa er lett å skilje i jaktsituasjonen.

* Jaktelta bør ha særleg fokus på at små, svake og synleg sjuke dyr skal takast ut.

* Store og fine bukkar bør sparast

* Valdet ønsker å styre tildelinga/uttaket av produksjonsdyr til område med høg tettleik/stort skadepress.

I følgje § 15, andre ledd i hjorteviltforskrifta, skal planen skildre årleg avskyting i tal dyr, fordelt på kalv, vaksne hodyr, vaksne hanndyr og spissbukk. Etter hjorteviltforskrifta § 17, t3. ledd skal også årleg fordeling av fellingskvota gjelde for kvart vald. Men det vert opna for avvik i planlagt uttak mellom åra.

Bestandsplanen har difor følgjande årleg fordeling på vald:

Tabell 2: Fordeling av fellingsløyve fordelt på kjønn, alder og vald pr. år.

| Valdnamn | Teljande areal | Kalv | Kolle (frå 1 ½ år) | Bukk 1 ½ år | Bukk (frå 2 ½ år) | Daa/dyr | Sum: |
|-----------------------|---------------------------|-------------|-------------------------------|------------------------|------------------------------|----------------|-------------|
| Nordre Holsnøy | 23182 | 11 | 15 | 6 | 6 | 610 | 38 |
| Midtre Holsnøy | 11540 | 11 | 14 | 5 | 5 | 330 | 35 |
| Mjåtveit-Langeland | 5129 | 2 | 3 | 2 | 1 | 641 | 8 |
| Fløksand-Vikebø | 5411 | 3 | 4 | 2 | 1 | 541 | 10 |
| Dale | 3203 | 2 | 2 | 1 | 1 | 534 | 6 |
| Sætremarka | 1564 | 1 | 1 | 0 | 0 | 782 | 2 |
| Flatøy/Håøyna | 1504 | 1 | 1 | 1 | 0 | 501 | 3 |
| Kårbø | 2385 | 1 | 1 | 1 | 1 | 596 | 4 |
| Austebrygd hjortevald | 19255 | 10 | 13 | 5 | 4 | 602 | 32 |
| SUM | 73173 | 42 | 54 | 23 | 19 | 530 | 138 |

For å sikre ein stabil bestand utan store svingar opp eller ned er det viktig at fellinga vert trappa opp eller ned gradvis. Det er difor avvik frå minstearealet for valda. Kommunen har høve til å fråvike minstearealet med 50 % etter grunngjeving. Kommunen meiner at det er oppgang i bestanden og at fellingskvotane må følgje det. Samstundes er det lokale forhold som påverkar kor tett hjorten står i dei ulike delane av kommunen. Det er nokre områder som er meir attraktive enn andre, og som difor også har større tetthet og kan ha store skader som følgje av dette. Sjølv om fråviket fortrinnsvis skal gjelde eit år, vil kommunen gje det for heile planperioden slik det er høve til.

Overføring av fellingsløyve mellom år:

Bestandsplanen legg opp til overføring av fellingsløyve mellom åra i planperioden etter § 16, tredje ledd i hjorteviltforskrifta. I dette høve meiner kommunen det er føremålstenleg at valda kan flytte/overføre løyve mellom åra i planperioden med intil 10 % av planlagt avskyting, fordelt på både kjønn, alder og tal dyr. Avvik ut over dette kan ikkje overførast mellom åra.

Elles så gjer vi merksam på høvet til byte dyr og å inngå samjaktsavtalar med andre vald i bestandsplanområdet, mellom anna ut frå skadeproblematikk på jord- og skogbruk. Dette vil fremje måloppnåing.

Konklusjon

Administrasjonen meiner at søknaden om godkjenning av Holsnøy og Flatøy bestandsplanområde er god, og vil styrke forvaltninga av hjorten i kommunen. Bestandsplanområde vil opne for ein meir fleksibel

avskyting og det vil vere lettare å sjå kommunen som ein heil eining. Søknaden oppfyller dei krava som er satt i forskrifta og kommunen vil difor godkjenne bestandsplanområdet.

Bestandsplanområde har søkt om godkjenning av bestandsplan for perioden 2018-2021 for bestandsplanområde med ein årleg tildeling på 138 dyr. Administrasjonen meiner at planen er god, og fangar opp dei endringane ein ser i bestanden. Vidare har planen som mål å auke avskyting av unge dyr og auke alderen på bestanden. Administrasjonen meiner at planen er tråd med dei måla kommunen har hjorteviltforvaltninga. Administrasjonen vil difor godkjenne bestandsplanen for perioden 2018-2021.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner søknaden om etablering av Holsnøy og Flatøy bestandsplanområde, då området oppfyller krava stilt i hjorteviltforskriften §§ 12 og 13. Bestandsplanområdet vert godkjent med yttergrenser som omsøkt og med eit teljande areal på 73 173 daa. Geografisk avgrensing går fram av vedlagt kart til søknaden.

Bakgrunn for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering. Vedtaket har heimel i hjorteviltforskrifta § 14, jf. §§ 12 og 13.

Meland kommune godkjenner Holsnøy og Flatøy bestandsplanområde sin bestandsplan for hjort i perioden 2018-2021 som omsøkt. Valda i planområdet får tildelt 138 fellingsløyve per år, totalt 552 fellingsløyver for heile planperioden. Meland kommune godkjenner avvika frå minstearealet fastsatt i lokal forskrift med bruk av 50 % regelen. Årleg plan for avskyting for kvart vald, fordelt på kjønn og alder, vert sett til følgjande:

- 30 % Kalv
- 16 % Hanndyr 1 ½ år
- 39 % Vaksne hodyr 1 ½ år og eldre
- 14 % Vaksne hanndyr 2 ½ år og eldre

Valda får tildelt årleg tildelt fellingsløyve etter fordeling i plan, jf. tabell 2. Avskyting skal følgje årleg fordeling av dyr på kjønn og alder.

Grensa for årleg avvik frå avskytingsplanen og overføring av dyr mellom åra i planperioden, er sett til 10 %. Dette gjeld både tal dyr og fordeling på kjønn og alder.

Valda i bestandsplanområdet står fritt til å byte fellingsløyve og samarbeide om jakta på tvers av valdgrenser etter § 19 i hjorteviltforskrifta.

Kvart vald skal årleg rapportere fellingsresultat, sett hjort og slaktevekter til Meland kommune.

Bakgrunn for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering. Vedtaket har heimel i hjorteviltforskrifta §§ 7, 16, 18 og 32, jf. § 15.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Holsnøy og Flatøy Skarpenesvegen 5918
bestandsplanområde v/Terje Hilland 120

FREKHAUG